



Arkivnr: 2018/16480-102

Saksbehandlar: Marielle Solheim

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkeseldrerådet i Hordaland		19.06.2019

Evaluering av Vestlandskonferansen 2019

Samandrag

Vestlandskonferansen er ei årleg samling over to dagar, der fylkeseldreråda i høvesvis Hordaland, Rogaland, og Sogn og Fjordane møtast for å ta opp viktige og sentrale tema for eldre. Arrangementet går på rundgang, og i år var det Hordaland som var arrangør. Konferansen fann stad 8. - 9. mai på Solstrand Hotell og Bad i Os, og hadde demens som hovudtema. Programmet ligg vedlagt til orientering.

Fylkeseldrerådet vert no bedne om å evaluere konferansen, med vekt på kva som var bra og kva som kunne ha vore betre, både med tanke på program og administrasjon. Ei slik evaluering kan vere nyttig å ta med seg til seinare arrangement.

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan tilråding.

Bertil Søfteland
leiar fylkessekretariatet

Marielle Solheim
administrativ sekretær

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.